



Ett eller to ord?, s. 26

# SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

37. ÅRGANG 2/2009

- Meninger om engelsk i næringslivet, s. 10
- Språkdugnad på Facebook, s. 14
- Når internasjonalisering betyr anglifisering, s. 18
- Semje om loven, usemje om målet, s. 28



## Stortinget

har vedtatt ny språkpolitikk. Det skjedde den 28. april. Den har ett overordnet mål: å ta vare på norsk som et fullverdig og funksjonelt skriftspråk i overskuelig framtid.

Stortinget har altså sluttet seg til det synet at norsk språk er presset. Det har videre sluttet seg til at språket vårt blir mer og mer presset viss vi ikke greier å føre en kraftfull kulturpolitikk. Det er essensen. Skal norsk språk overleve i framtida, må det ha:

- prestisje på sentrale samfunnsområder
- verdi i yrkeslivet
- appell hos de unge

Derfor har Stortinget vedtatt å overvåke utviklinga. I hver stortingsperiode skal Kulturdepartementet presentere en rapport over språkets tilstand. Slik gir Stortinget seg selv muligheten til å vurdere tiltak og korrigerende kurs i egen politikk fjerdehvert år.

Stortinget ønsker at språk skal være et såkalt sektorovergripende politikk-område, slik miljøpolitikk er det. Et spørsmål som angår de fleste etater, ikke bare kultur og utdanning. Strate-

gien ellers må være å bruke norsk når vi kan, engelsk (eller andre språk) når vi må. Vi må som samfunn utvikle parallellspråkkompetanse – evnen til å veksle mellom (et fullverdig) morsmål og (best mulig) fremmedspråk. Får vi dette til, har vi lyktes. Da vil vi høre til på det internasjonale første laget. Får vi det ikke til, havner vi blant B-nasjonene – de landene som verken er velfungerende språklig hjemme eller fulldyktige i engelsk ute. Få der ute bryr seg om hvordan Norge takler denne situasjonen.

Det er førti år siden sist Stortinget hadde språkpolitikk på dagsordenen. I 1980 var det bokmålsrettskrivningen som var temaet. Rettskrivning skal stadig være et tema – og et ansvar for Språkrådet – men hovedsaken på to-tusentallet blir altså språkstrategisk arbeid. Vedtakene i Stortinget våren 2009 markerer at vårt land nå er kommet på linje med resten av Europa når det gjelder språkpolitikk.

Så får vi se da, Peer, ...

*Sylfest Lomheim*

## INNHold 2/2009

### AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Meningsmålinger om engelsk
- 14 *Poke* eller *dult*?
- 17 Språkbrukeren

### INNSIKT

- 18 Språkpolitikk er ikkje alltid språkpolitikk
- 23 Hvorfor skal vi bry oss med særskriving?
- 26 Nysmidde ord
- 28 Den fyrste lova på nynorsk
- 30 Den svenska stormaktstidens språklige överdåd



Redaksjonen tar gjerne imot brev fra leserne. Det kan være kommentarer til artiklene og emner i bladet, interessante ord og uttrykk en har kommet over, nyord, språkspørsmål eller annet. Adressen er: Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO.

**Spørsmål:** Vi har en diskusjon om dobbeltkonsonant og tre konsonanter etter hverandre. *Gaffel* blir jo til *gaffler* i flertall, men kan en skrive for eksempel *fullt* og *snillt*?

**Svar:** Hovedregelen er at det i adjektiv som ender på dobbeltkonsonant, skal stå bare én konsonant foran intetkjønnsendelsen *-t*:  
trygg – trygt  
stygge – stygt  
frekk – frekt  
snill – snilt

Tilsvarende skulle det ha hett *full* – *fult*, men det heter *full* – *fullt*.

Grunnen til dette unntaket fra hovedregelen om forenkling av dobbeltkonsonant foran intetkjønnsendelsen *-t* er at formen *fult* ville ha blitt identisk med intetkjønnsformen av adjektivet *ful*, som betyr 'lur', 'slu'. Det heter altså *full* – *fullt* og *ful* – *fult*.

Men i bøyningen av verbet *fylle*, som er *fylle* – *fyller* – *fylte* – *har fylt*, står det bare én konsonant foran endelsen *-t*. Når en har *fylt* et glass, er altså glasset ikke *fult*, men *fullt*.

**Spørsmål:** Heter det *fersk* eller *ferskt* i intetkjønn? Kan det noen ganger være valgfritt? En regel sier at adjektiver som ender på *-isk*, f. eks. *praktisk*, ikke skal ha *-t* i intetkjønn: *et praktisk hus*. Gjelder dette også for adjektivet *frisk*? Det heter jo *et friskt bad*?

**Svar:** Hovedregelen for kjønnsbøyning av adjektiver er at de skal ha endelsen *-t* i intetkjønn. Eksempel: *et galt svar*, *et kaldt bad*, *et grunt basseng*; *et ferskt spor*, *et barskt svar*, *et friskt initiativ*, *et lumskt angrep*.

Men adjektiv som ender på etterstavelsen *-isk*, får ikke endelsen *-t* i intetkjønn. Altså: *et praktisk hus*. Adjektivene *praktisk* og *frisk* ender på de tre bokstavene *-isk*, men er likevel ikke sammenlignbare:

*praktisk* kan deles opp i *prakt-isk*  
*teknisk* kan deles opp i *tekn-isk*  
*politisk* kan deles opp i *polit-isk*  
*kurdisk* kan deles opp i *kurd-isk*

*frisk* kan ikke deles opp i *fr-isk*  
*bisk* kan ikke deles opp i *b-isk*

Bare den siste typen får *-t* i intetkjønn.

**Spørsmål:** Hva bruker man om kvinner som heter det samme som sin mor? *Junior*, *II*, *d.y.*? Eller om kvinner som heter det samme som sin datter? *Senior?*, *d.e.*?

**Svar:** Det er neppe tradisjon i norsk for å bruke *senior*, *junior*, *d.y.* og lignende om kvinner, men vi kan ikke se noen avgjørende hindringer for å gjøre det.

## LESERSPØRSMÅL

**Spørsmål:** Verbet *å hensynta*, som betyr det samme som *å ta hensyn til*, virker litt konstruert på meg. Har jeg rett i det?

**Svar:** Du har rett i at *å hensynta*, *hensyntatt* og *hensyntaking* virker konstruerte og boklige. De brukes nok først og fremst av jurister, fortrinnsvis i skrift, men er sikkert overtatt av andre som kanskje synes at slike formuleringsmåter høres mer prestisjebringende ut.

Eksempler på parallelle uttryksmåter er *muliggjøre* (istedenfor *gjøre mulig*), *vektlegge* (istedenfor *legge vekt på*), *fyllekjøre* (istedenfor *kjøre i fylla*). I slike tilfeller gjelder det ofte å gjøre språket mer uttrykksøkonomisk og iblant også tydeligere og effektivere. En bør heller ikke se bort fra at det i noen miljøer oppfattes som finere med slike «fortettede» sammensetninger enn med løst sammensatte flerordsuttrykk. Men de sammensatte variantene er skriftspråklige og sjargongpregede i varierende grad. *Vektlegge* er nok i bruk i atskillig videre kretser enn *hensynta*.

**Spørsmål:** Er det riktig å skrive *en av gangen* eller *en ad gangen*?

**Svar:** Språkrådet har pleid å anbefale *en om gangen*. *En ad gangen* virker ofte i overkant formelt, mens *en av gangen* ikke har vært like akseptert av alle fordi det historisk sett er en forvanskning av *en ad gangen*.

**Spørsmål:** Uttryksmåten *livene sine*, *livene våre* griper nå om seg i stedet for den formuleringen vi har vært vant til å se på som riktig: *livet sitt*, *livet vårt*. Hva regnes som korrekt språk?

**Svar:** På norsk har ord for kroppsdele, klesplagg, redskaper og liknende tradisjonelt stått i entall også om de var knyttet til mer enn én person (såkalt distributiv bruk). I tillegg til dine eksempler kunne man nevne slike som «Turistene kom med ransel på ryggen», «De stod med lua i hånda» og «Begge brødrene spilte gitar».

Når vi nå ser flertallsformer brukt, kan dette tolkes som påvirkning fra engelsk, der det for eksempel vil hete «What do we do with *our* lives».

Språkrådet anbefaler å bruke entall i de tilfellene der tradisjonen tilsier det.

**Spørsmål:** Stadig flere sløyfer endelsen i bestemt form flertall av navn på dyrearter og skriver *tre rein*, *femten elg* og *fem jerv*. Men det blir vel ikke mer riktig av den grunn?

**Svar:** Det er ikke galt å skrive *tre rein*, *femten elg* og *fem jerv*. Slikt ubøyd flertall, som det kan kalles, er gammelt i språket og forekommer nettopp særlig i forbindelse med artsnavn der en for eksempel ramser opp antall, foruten ved *mann* («skuta gikk ned med femten mann om bord»).

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

## OVER DOKKA ETTER VANN

Nei, vi snakker ikke om leketøyet *dokke*, men om sjøfartsordet *dokk*. I avløserordspalta denne gangen skal vi vise at gode norske ord kan ligge ganske nær de engelske. Det er ikke snakk om noen vanntett *metode*, bare to huskeregleregler: Sky ikke engelske bilder som duger på norsk, og gjør ikke endelig likhet til en ulempe.

### **Dokk – mer enn godt nok**

Nylig fikk vi spørsmål om hva vi kan kalle *iPod dock* på norsk. Forslaget vårt er å ikke gjøre oppgaven for vanskelig; *iPod-dokk* vil være et framifrå språklig bilde også hos oss. Både det engelske *dock* og det norske *dokk* er gamle lånord (opprinnelig fra nederlandsk eller lavtysk) og betyr så å si det samme. *Dokk* kommer fra sjøfarten med betydningen 'bassenganlegg' og har som mange andre sjøfartsord blitt overført til luftfarten, som 'flyoppstillingsplass'. Hvorfor skal vi gjøre noe unntak for musikkspillere? Ei *iPod-dokk* er noe en setter musikkspilleren i for å lade den eller for å viderekople den til andre anlegg. Det er altså en 'oppstillingsplass', men legger vi ordet *iPod-oppstillingsplass* på tunga, kjenner vi fort at det tar for stor plass. Og prøver vi oss med et ord som *beskriver* mest mulig av begrepsinnholdet, kan vi få ulenkelige ord som *lade- og avspillingsstasjon*. Slike forslag tror vi stiller svakt mot korte og fyndige ord som *dock/dokk*.

### **Ha godt i godteposen**

Ved semesterstart på universitet og høyskoler, på seminar med bedrifta eller i andre sammenhenger kan vi oppleve at noen vil gi oss en pose med ulike småting, oftest reklameartikler. Noen kaller dette en *goodie bag*, men har vi en god avløser på norsk? Vi mener at det ikke er noen grunn til å lete etter andre ord enn *godtepose*, etter som det er det *goodie bag* betyr. Men det er da slett ikke alltid godter i disse reklameposene, vil mange hevde. Nei, men det er det ikke hos de engelsktalende heller. Når engelskspråklige har begynt å legge andre ting i sine «godteposer», er det snakk om kreativ språkbruk og betydningsutvidelse. Hvis vi lar være å utvide den norske godteposen på samme vis, forsvinner hele den billedlige språkbruken. Dersom *goodie bag* på norsk bare blir brukt i betydningen 'pose med reklameprodukt', blir det dessuten tydeligere at «posepushinga» er et reklameframstøt. Det kan altså ende med at verken norsk språk, produsentene eller forbrukerne får i pose og/eller sekk.

Daniel Ims  
rådgiver i Språkrådet



# – Språket er eit verktøy

■ TEKST: JOHANNE LANDSVERK

– Eg trur mange i næringslivet er opptekne av språk, men meir av språket som ein reiskap enn av språket i seg sjølv, seier Grete Faremo. Som næringslivsleiar har ho sett mykje slett engelsk, men også mykje sunn fornuft.

Ho sit i bistroen i Det Norske Teatret, klar til å svare på spørsmål om språk og språkpolitikk.

– Teatret er som ein heim for meg, seier Grete Faremo. Som dotter av stortingsmannen og målmannen Osmund Faremo fekk ho ofte vere med far sin på

teaterframsyning.

– Kvart år vart Løvebakken mållag invitert til å halde årsmøtet sitt i Det Norske Teatret og kombinere det med teaterframsyning. Og då fekk eg lov til å vere med. Seinare fann eg ein mann her, så tilknytninga til Det Norske Teatret



er sterk, seier Faremo, som har vore både bistandsminister, justisminister og olje- og energiminister.

### Mykje slett engelsk

No er den tidlegare arbeidarpolitikaren vald inn i fagrådet for samfunn og høgre utdanning, eitt av dei fire fagråda i Språkrådet.

Faremo har mellom anna vore direktør i Storebrand og direktør for jus og samfunnskontakt i Microsoft. Ho er nestleiar i Hydro-styret, styreleiar i Abelia og nestleiar i styret i Forsvarets forskingsinstitutt. Så bakgrunnen for det nye vervet burde vere solid.

– Eg har ei generell interesse for språk – og for språk som identitet. Eg har vakse opp i ein familie som var oppteken av nynorsk, og det vart eit vanskeleg val å ta då eg begynte på jusstudiet og gjekk over til bokmål. Men eg var 18 år og oppdaga då kor framandt det juridiske språket var. Juridisk terminologi på nynorsk var heilt utilgjengeleg for meg, og det var ingen som kunne rettleie meg, fortel Faremo.

Seinare har det vorte mykje bokmål



«I forretningsverksemd er ein oppteken av kommunikasjon med kunden, og dårleg språk gjer det vanskelegare å byggje opp tillit.»

i jobben, men også mykje engelsk, for Grete Faremo.

– Ja, det har det også. Eg har i grunnen vore interessert i å lære nye språk. Eg jobba i fleire år med utviklingshjelp, der eg brukte engelsk i arbeid. Seinare vart det fem år i Microsoft med engelsk som dagleg arbeidsspråk. Men dette

gjer at eg også har sett mykje slett bruk av engelsk, seier ho.

### Mykje sunn fornuft

Ei fersk spørjeundersøking som Språkrådet har fått utført, viser blant anna at det er ein større del av bedriftsleiarane enn av befolkninga elles som meiner at all reklame i Noreg bør vere på norsk. Berre 12 prosent av bedriftsleiarane meiner at bruk av engelsk internt gjer bedrifta meir effektiv, og bedriftsleiarane har også lita tru på at det er noko å tene på å bruke engelsk i reklamen. Faremo er slett ikkje overraska over resultatet.

– I forretningsverksemd er ein oppteken av kommunikasjon med kunden,

og dårleg språk gjer det vanskelegare å byggje opp tillit. For mange bedrifter er det eit spørsmål om den kortaste veg til må-

let: å gjere forretningar. Og her er språket eit av dei viktigaste verkemidla.

Morsmålet er trass alt det språket dei fleste uttrykkjer seg best på.

– Tyder det at du eigentleg meiner det burde vore brukt meir norsk i mange be-

drifter som i dag bruker engelsk?

– Språket er eit verktøy, og mange verksemdar er internasjonalt orienterte. Det blir vanskeleg å seie at dei må gå omvegen om to språk, når det faktisk finst eit språk som er felles for dei involverte. Blind bruk av framandspråk er ingen tent med, men når det gjeld verksemdar

### ● ● GRETE FAREMO

Grete Faremo er medlem i fagrådet for samfunn og høgre utdanning i Språkrådet

som Telenor, Hydro eller Statoil, som involverer folk frå mange land, må det vere forståing for at andre språk enn norsk kan rekke lengst. Så dette handlar om både òg. Det handlar om bevisst bruk av språk, og her trur eg faktisk det finst mykje sunn fornuft i næringslivet.

### Språkrådet bør skape debatt

Faremo trur det er ganske mange både i næringslivet og i offentleg forvaltning som er opptekne av språk, men meir som ein reiskap enn av språket i seg sjølv.

– Det å vere god til å formulere kva du eigentleg står for og kva slags produkt du har, er ein fordel. Næringslivet

på kontrollerande straffereaksjonar.

Ho trur også Språkrådet kan spele ei viktig rolle for å skape debatt i akademia, der norsk språk er under sterkt press.

– Eg trur nok at det er viktig at Språkrådet ikkje let desse miljøa vere i fred.

– *Trur du det er fare på ferde for det norske språket? Direktøren i Språkrådet, Sylfest Lomheim, har stadig vore inne på dette.*

– Eg har lese Lomheim med interesse. Samtidig synes eg han målar eit for negativt bilete av situasjonen. Eg er meir optimistisk. Men eg kan skjønne at det er eit grep ein må ta for å reise de-

● «Næringslivet bør stille krav til språkleg kvalitet, anten du bruker ditt eige morsmål eller prøver deg på eit framandspråk.»

bør stille krav til språkleg kvalitet, anten du bruker ditt eige morsmål eller prøver deg på eit framandspråk.

– *Er det behov for kompetanseheving når det gjeld språk i næringslivet, som til dømes norsk, engelsk, tysk, fransk?*

– Eg liker ikkje å seie at folk ikkje er gode nok, men her er det absolutt rom for forbetringar. Her trur eg også Språkrådet kan vere med på å provosere og skape engasjement – til dømes ved å gjere denne typen undersøkingar. Det er viktig å få fram fakta.

– *Kva rolle meiner du Språkrådet bør spele når det gjeld språkbruk i norske bedrifter? Bør ein stille større krav?*

– Språkrådet er den heilt sentrale språkrøktaren. Rådet har eigeninteresse av å skape debatt. Du må erkjenne at det er du som må by opp til dans. Men slik røyndomen er i dag, trur eg meir på dei positive og engasjerande verkemidla enn

batten om språk som del av ein sterk kultur.

### Liker ideen om språkløv

Språkrådet går inn for at bruk av norsk språk bør lovfestast, og Faremo støttar tanken om ei språkløv.

– Eg er positiv til det generelle spørsmålet om ei språkløv, sjølv om eg ikkje har gått inn i detaljane om kva som bør stå der. Eg trur det høyrer naturleg heime i ein nasjon som har respekt for seg sjølv og er stolt av eigen identitet. Eg meiner det er mange gode sider ved ei språkløv.

– *Trengst det også lovreglar for å sikre norsk i reklame og marknadsføring?*

– Det eg ser eit behov for, er at ein lovfestar retten til å få informasjon om grunnleggjande rettar på norsk. Då vi gjennomførte EØS-regelverket innanfor einskilde delar som galdt forsikring, var



vi opptekne av det. Slike behov er det viktig å ta vare på. Men å krevje at all reklame skal vere på norsk, som til dømes reklame for mobiltelefonar eller iPod, synest eg er å gå for langt. I næ-

sisjonar på nynorsk, så du kan berre tenkje deg kor uvant det var for byråkratane å få det kravet. Eg fekk utruleg mange reaksjonar, både positive og sinte, seier Faremo. Ho fortel at dette

- 
- «Eg ser eit behov for å lovfeste retten til å få informasjon om grunnleggjande rettar på norsk.»

ringslivet tenkjer ein gjerne igjennom kundegruppene, og det avgjer om reklamen skal vere på norsk. Til dømes er bedrifter som vel å avgrense sitt sal til Internett, sannsynlegvis veldig klare over at dei rettar tilbodet sitt mot ei avgrensa kundegruppe.

– *Du var i mange år direktør i Microsoft Norge. Kva politikk har eit selskap som Microsoft når det gjeld omsetjing av programvare til norsk?*

– Det kan vere forskjell på korleis selskapa har rigga seg til. Det kostar å omsetje til andre språk. Microsoft bruker ganske mykje pengar på omsetjing, og det er det forretningsmessige som ligg til grunn. Akkurat i den næringa kan Noreg ha stor sjølvtilitt, for folk i Norden er mellom dei ivrigaste i verda til å bruke ikt. Dei nordiske landa er gode marknader, og difor har nordiske språk også eit stort rom i eit selskap som Microsoft.

### Nynorskkrav sette sinna i kok

Faremo trur meir på frivillig engasjement enn på tvang, også i spørsmål om nynorsk. Men likevel har ho fått heidersnål frå Noregs Mållag for sitt bidrag til nynorsken.

– Det var fordi eg som justisminister kravde at byråkratane mine skulle skrive budsjettproposisjonen på nynorsk. Justisdepartementet låg heilt i botnskikket når det galdt meldingar og propo-

førte til større engasjement kring språk enn det hadde vore nokon gong i departementet.

– Nettopp difor syntest eg det var moro å få fram det dokumentet. Og det avdekte at det var fleire byråkratar som ikkje beherska begge målformer. Eg skulle gjerne sett at fleire leiarar skjønte kva for verkemiddel dei kan spele på for å auke interessa for språk. For den erfaringa var interessant.

– *Til slutt: Har du nokon kjepphestar når det gjeld språk?*

– Ein kjepphest er å prøve å reinske ut alle hjelpeorda, som eg kallar dei, og innskotne leddsetningar som ikkje er naudsynte. Der hjelper forresten nynorskbakgrunnen godt på, men eg syn- dar vel eg som andre. Innanfor jus blir ein trenna opp til å leggje vekt på presist språk. Så summen av eit presist juridisk språk og nynorsk blir ikkje så verst, sjølv om det kjem ut bokmål i andre enden!



# Meningsmålinger om engelsk

■ DAG FINN SIMONSEN

Språkrådet har fått undersøkt hva et representativt utvalg av bedriftsledere og publikum mener om engelsk i norske bedrifter og i markedsføring. I tillegg er ti bedriftsledere dybdeintervjuet om de samme temaene.

Hvor viktig er engelsk i bedriftene? Generelt anser bedriftsledere engelsk som lite viktig for virksomheten. Hele 72 prosent mente at engelsk ikke fremmer bedriftens effektivitet. Over 70 prosent så på engelsk som lite viktig i styrepapirer, på styremøter, i kommunikasjon mellom ansatte, på interne møter og i brev og e-poster til ansatte. I forbindelse med kontakt utad ble engelsk vurdert som noe viktigere (på hjemmesidene, i brev og e-poster til kunder og leverandører og i møter med eksterne), men også her var det enda vanligere å mene at engelsk ikke er viktig, eller lite viktig.

Bare en fjerdedel av utvalget av bedriftsledere mente at andre språk enn engelsk og norsk er viktige. Vel en tredjedel sa seg enig i at engelsk er blitt *viktigere* de siste fem årene. Men også i de bedriftene som har dattervirksomheter eller hovedkontor i utlandet, er norsk det dominerende arbeidsspråket i så mange som 85 av 100 tilfeller.

## Liten tro på effekten av engelsk, atskillig skepsis til bruken

Folk flest tenker ikke over hvilket språk reklamen er på, og bryr seg heller ikke så mye om dette. Skjønt 38 prosent helst

opp søker butikker med reklame på norsk, hadde på den annen side 87 prosent aldri unnlatt å kjøpe en vare fordi reklamen var på engelsk. Nesten tre av fire var ikke enig i at engelsk får varen til å virke mer *raffinert eller eksklusiv*, og hele 93 prosent var uenig i at engelsk gjør reklamen mer *troverdigg*. Spørsmål om visse merkevarer viste ellers en klar sammenheng mellom navn eller opphavsland og vurderinger av hvor egnet varen er for reklame på norsk og engelsk (for eksempel norsk for Kvikk Lunsj og engelsk for Coca-Cola).

Mens 68 prosent av bedriftslederne ikke anså at engelsk fremmer økt salg for deres del, mente 75 prosent i befolkningen det samme for bedrifter generelt. På den annen side var det noen flere i befolkningen som mente at engelsk *har* salgseffekt. I begge grupper mente et stort flertall at folk flest ikke blir mer påvirket av reklame på engelsk enn av reklame på norsk.

I befolkningen er 42 prosent likegyldige til engelsk i reklame, mens 20 prosent er positive og 36 prosent negative. I synet på om det brukes for mye engelsk, var bedriftslederne delt på midten, mens det i befolkningsutvalget var fire av ti som mente ja og nesten seks av ti som mente nei. Og mens hele 62 prosent av bedriftslederne sa seg enig i at norsk bør benyttes i all reklame og markedsføring i Norge, mente noen færre, 51 prosent av befolkningen, det samme.

### Ikke språkpolitikk, men omdømmebygging

I dybdeintervjuene med ti ledere i større norske bedrifter kom det fram at bruken av engelsk avhenger av eierstruktur, graden av internasjonal virksomhet, de ansattes nasjonalitet, stillingsbeskrivel-

sene og hvem man henvender seg til. Engelsk brukes særlig på konsernnivå, i finansavdelinger, i forbindelse med helse, miljø og sikkerhet (når mange ansatte ikke kan norsk), på skandinavisk nivå (ofte) og som arbeidsspråk blant teknikere og spesialister. Engelsk er blitt viktigere de siste fem årene og vil bli enda viktigere.

Engelsk forretningspråk skaper relasjoner, åpner dører og letter rekruttering av utenlandsk arbeidskraft. Men nasjonalt orienterte selskaper bruker norsk internt og overfor et norsk publikum, mens globalt orienterte selskaper veksler mellom norsk og engelsk etter målgruppe. Generelt fremmer godt språk og språklig kompetanse effektiviteten, blant annet i kundedialogen, i forbindelse med helse, miljø og sikkerhet og ved kompetanseoverføring.

Ni av de ti bedriftene har ingen språkpolitikk. Ledere bestemmer og påvirker i stor grad språkbruken innenfor sitt område. Internt vil språkkompetansen trolig heves automatisk med neste generasjon. De ti lederne trodde ikke at reklame på engelsk gir økonomisk effekt, og avviste at det hører til bedriftenes samfunnsansvar å ha en politikk som ivaretar norsk og sikrer språklig kvalitet. De mente for øvrig at det var uklart hva som ligger i «språkpolitikk» for bedrifter.

.....

Dag Finn Simonsen er seniorrådgiver i Språkrådet.

En lengre versjon av denne artikkelen er lagt ut på Språkrådets nettsider.

## Språksamarbeidet i Norden

Nordisk ministerråd har omorganisert det nordiske språksamarbeidet for å sikre språkfelleskapet i Norden. Nyordningen trådte i kraft 1. januar 2009, og det blir særlig satset på å styrke kjennskapet til nabospråk blant barn og unge. Den nye organisasjonen inviterer til et bredt samarbeid mellom aktører særlig på utdannings- og kulturområdet og blant barne- og ungdomsorganisasjoner. Omleggingen er satt i verk fordi språkforståelsen i Norden har blitt gradvis dårligere de siste 30 årene, til tross for at arbeidsmarkedet og næringslivet i regionen blir stadig mer samordnet.

– De skandinaviske sprog er et væsentlig fundament i det nordiske samarbejde, og vi nordboer er bundet sammen af vore beslægtede sprog. Så langt som mulig bør vi anvende vore egne sprog landene imellom, uttaler Nordisk ministerråds generalsekretær Halldór Ásgrímsson.

Det er især finner og islendinger som har vansker med de skandinaviske språkene, men også svensker og dansker har problemer med å forstå hverandre.

## Namn på dyr og planter

Artsdatabanken, ein nasjonal kunnskapsbank for biologisk mangfald, er i gang med å lage ein namnebase med norske og vitskaplege namn på dyre- og planteartar som lever i Noreg. Namna som skal inn i basen, er no sende ut på høyring.

Opggåva til Artsdatabanken er å dokumentere artsmangfaldet i Noreg. I informasjonen på nettsidene til Artsdatabanken heiter det at norske namn er ein viktig reiskap for å skape meir interesse og engasjement for biologisk mangfald.

Artsdatabanken har laga ei raudliste over artar som er truga og står i fare for å døy ut. På raudlista står 3886 artar som kan forsvinne fordi leveområda deira blir borte. 1988 artar er direkte utryddingstruga. Blant plantene på raudlista er *skaftvejblom*, *dunmjølke*, *huldretorvmose* og *marisko*.



Foto: © Anthony Hill / Scampix

## Sakprosakanon for skolen

Landslaget for norskundervisning har i samarbeid med Språkrådet kåret 45 tekster til en sakprosakanon for norskfaget i ungdomsskolen og den videregående skolen. Tekstene spenner fra 1700-tallet til i dag. Lista over tekster dekker flere sjangre og andre fagområder enn det som har vært vanlig i norsklæreverkene i dag. Lista omfatter blant annet reiseskildring, krigsreportasje, samfunnsvitenskapelige fagtekster, partiprogram, blogg, opprop, SMS og offentlige dokumenter. Blant forfatterne er Eilert Sundt, Aasmund Olavson Vinje, Toril Moi, Gro Harlem Brundtland og Mads Gilbert. LNU planlegger å gi ut tekstene i egne bøker. Det skal også lages et nettsted om sakprosa i skolen, rettet mot lærere og elever og mot lærerutdanningen.

## 2500 språk er i ferd med å forsvinne

Unesco har lansert ei ny netteneste om utryddingstruga språk. Ifølgje FNs kulturorgan Unesco risikerer ikring 2500 språk i verda å døy ut. Dei tre siste generasjonane har heile 200 språk forsvunne, og 200 språk blir i dag tala av færre enn 10 personar. Til den siste gruppa høyrer livisk, eit språk som er i slekt med finsk. Det skal i dag vere morsmålet til ein einaste person i Latvia.

Som eit steg i kampen mot språkdøden presenterte Unesco nyleg ein ny versjon av atlaset sitt over truga språk. No finst det også i elektronisk versjon, og det kan oppdaterast kontinuerleg. Det arbeidet kan også utanforståande vere med på. 30 lingvistar har arbeidd med det nye atlaset, «UNESCO Interactive Atlas of the World's Languages in Danger».

## Stortingsmelding om språkpolitikk

Familie- og kulturkomiteen på Stortinget kom i vår med sin innstilling om St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. I skrivende stund er datoen for stortingsbehandlingen av meldingen fastsatt til 28. april. Du finner oppdatert informasjon på Språkrådets nettsider.

## Godt sagt

*Albania hadde Kina som sin nærmeste, og etter hvert eneste allierte, etter bruddet med Moskva i 1960. Men også med kineserne brøt Hoxha sin allianse etter at Mao Zedong døde i 1976. For da ble også kineserne revisjonister, og Albania var dermed det eneste land i verden som gikk i takt.*

Journalist Per Egil Hegge i Aftenposten 23.1.2005





# Poke eller dult?

■ DANIEL IMS

Nettsamfunnet *Facebook* blei til på Harvard-universitetet i 2004 og har sidan gått som ei farsott over verda.

Da Facebook for alvor fengde her til lands våren 2007, var nettstaden berre engelskspråkleg, men det siste året har det komi versjonar på spansk, fransk, tysk, russisk – og egne versjonar på bokmål og nynorsk. Noko som gjer omsetjingane av Facebook spesielle, er at dei blir laga på dugnad av medlemene. Sjølve namnet blir ikkje omsett, men det uformelle «fjesbok(a)» er bruka ein del.

## *Is-tida*

Facebook-medlemene registrerer seg med ein profil og kontaktar kvarandre

ved hjelp av ymse funksjonar. I starten var alle menyar og faste setningar (grensesnittet) på engelsk, mens ein elles skreiv på det språket ein ville. Eit unntak frå valfridomen var statuslina, der namnet på brukaren og ordet «is» var faste element. På engelsk går dette greitt, anten framhaldet gjeld tilhald («NN is in Tromsø») eller gjeremål («NN is writing»). Men med framhald på andre språk blei det nokså klønete, t.d. «Daniel Braut is på veg inn i ei sidegate». Mange såg seg leie på dette og skipa ei gruppe på Facebook som kravde å fjerne «is» frå statuslina. Etter kvart fekk



dei viljen sin, og ikkje lenge etter kom tilbodet om å ta i bruk versjonar av fjesboka på andre språk enn engelsk.

### Omsetjing på dugnad

Fjesbokkingane kan leggja ein omsetjingsfunksjon til brukarkontoen sin, og så omset dei på dugnad ved å koma med framlegg som blir drøfta og røysta på. Somme meiner denne framgangsmåten er eit demokratisk føredøme, andre meiner han er ei følge av latskap

ikkje anna enn ein virtuell variant av å priikka nokon på skuldra), har på nynorsk blitt til «dult», mens fleirtalet av bokmålsbrukarane har valt å halda fram med «pokinga». På engelsk brukar ein verbet «tag» om det å namngi ein annan Facebook-medlem i eit fotoalbum – det har blitt til det norvagiserte «tagge» på bokmål, men til «merkje» på nynorsk. Bruken av særskilde norske ord i omsetjinga kan by på problem når det engelske ordet krev ulike omsetjingar i

## «Nynorskbrukarane vel fleire stader norske ord der bokmålsbrukarane held på dei engelske.»

og gjerugskap hos Facebook-eigarane. Uansett har både bokmål og nynorsk no fått eigne versjonar etter innsatsen frå høvesvis 6173 og 1719 omsetjarar (mars 2009). Enda omsetjarane berre er eit utval av språkbrukarane, er det interessant å sjå på løysingane som fleirtalet har komi fram til.

### Skilnader på fjesbokmåla

I begge skriftmåla våre er det ein del variasjon i formverket. På nynorsk er valet mellom a-infinitiv og e-infinitiv særleg aktuelt, sidan det er mange infinitivar i menyane. Omsetjarane har nok gjennomført det eine eller det andre i kvart tekststykke, men ikkje nådd allmenn semje. Eit liknande dilemma for bokmål er valet mellom hokjønns- og hannkjønnsending, men spørsmålet melder seg ikkje like ofte som infinitivsvalet i «fjesboken/-a».

Det syner seg interessante skilnader mellom målformene i ordvalet. Nynorskbrukarane vel fleire stader norske ord der bokmålsbrukarane held på dei engelske. Den mystiske syssele som på engelsk ber namnet «poke» (eigentleg

ulike samanhengar. Det å «ha stemnemøte» kan vera ei god omsetjing av det engelske «date», men det høyrest slit-samt ut å «ha stemnemøte frå 1996 til 1998». Jamvel om «dating» òg kan vera ei repetisjonsøving, talar vi heller om å «vera i lag» eller noko liknande på norsk.

Området der ein skriv så alle kan sjå det, kallar dei «wall» på engelsk. På mange språk har ein valt å halda på denne metaforen, slik at valet står mellom «mur» og «vegg». Bokmålsbrukarane skriv på «veggen» til kvarandre. I nynorskversjonen brukar dei eit heilt anna bilete og skriv meldingar på «tavla».

Anten du vil at folk skal skriva på «veggen» din eller «tavla» di, er det stor sjanse for at du kan «leggja / legge til» mange kjende som vener. Ifølgje Facebook sjølv er Noreg eit av landa med flest medlemmer samanlikna med folketallet.

.....  
Daniel Ims er rådgjevar i Språkrådet.

**ARI BEHN** mener kampene mot rivaler har gitt ham språket tilbake.

– Jeg har fått tilbake språket, sier Ari Behn til Dagbladet.

*Ari Behn, som mente at han hadde tatt altfor lite til motmæle i mediene.*

.....

**SKAL FOLK MAKTE** å motstå det sterke presset engelsk representerer på så å si alle samfunnsarenaer, så må de ha et forhold til eget språk og innse at det har en verdi i seg selv. Derfor er dette først og fremst et spørsmål om bevisstgjøring. Jeg håper på en bevisstgjøringskampanje som vil vare i flere tiår.

*Finn Bergesen jr. til Ordet nr. 1/2009.*

.....

«NEWS IN ENGLISH» won't be updated any longer, following Aftenposten's decision to shut down the service in a cost-cutting move. The thousands of stories we've written over the years, however, can still be found in Aftenposten's archive [...]

«Med vennlig hilsen», as the locals would say.

*Nina Berglund, Sven Goll og Jonathan Tisdall i Aftenposten Web Desk takker for seg i november 2008, da Aftenposten mente at det ikke lønte seg å gi ut nyheter på engelsk.*

.....

**MEN DET ER** mange dyr i skogen, og stor skogmus, som på latin heter *Apodemus flavicollis*, skal nå hete storskogmus. Liten skogmus skal hete småskogmus. Da har Artsdatabanken gått seg vill både i språkstrukturen, småskogen og storskog-

en. For en storskogmus må være en mus som holder til i en stor skog, mens en liten skogmus kan holde til hvor det skal være, til og med i storskogen, hvis den tør. En småskogmus, derimot, holder seg bare i småskogen.

*Per Egil Hegge i Aftenposten etter at Artsdatabanken i Trondheim hadde sendt ut 40 000 artsnavn på høring.*

.....

**HVA MENER VINJE** da om tv-meteorolog Terje Alsvik Walløe som – helt usensurert – stadig melder inn sine væmslag på nvestlandet og trønlag og rain i ind'strøk? For ikke å snakke om statsministeren, hvis logoped fremdeles har en lang vei å gå før klienten klarer å få r-er og s-er noenlunde skilt fra hverandre.

*Kommentar i Dagens Næringsliv.*

.....

**HAN ERGRER SEG** over sportskommentatorene på TV og over alle mennesker i det offentlige rom som benytter ordene «i forhold til», «forhåndsregel» eller «tøft» [...] Jeg merker at all denne ergringen begynner å ta større og større plass i mitt liv, og jeg frykter at jeg til slutt ikke greier å ta imot mer. Hva bør vi gjøre for å unngå at det skal gå så langt?

*Anonymisert innsender til samlivsspaltta i A-magasinet (Aftenposten).*



AUDHILD  
GREGORIUSDOTTER  
ROTEVATN,  
journalist

## Barneskirennet

Kan ord avgjere VM på ski? Petter Nordthug er lett å like. Han går fort på ski. Han er ung og lovande. Han ser ut som Espen Askeladd. Han tilhører ikkje gruppa med mumlesiklende langrennsløparar som motvillig stotrar eit par innøvde ord når medaljen er henta. Nordthug er mannen som fossar fyrst over mål og gaular «Det e så lett! Barneskirenn!» medan konkurrentane kjem etter han som slitne slips.

Alle som stiller på startstreken i VM på ski, er topptrana. Du må ha dagen, du må ha den rette skismurningen, kroppen må vere hundre prosent, og så var det hovudet då. Etter femmila under VM på ski i Liberec uttalte tyskaren Tobias Angerer at «ein går meir med hovudet enn med kroppen under ei femmil». Angerer hadde på førehand fått åtvaringa si. Petter Northug uttalte før femmila at «jeg skal henge til jeg dør. Det er bare å ha hjertestarteren klar». Northug vann.

På siste etappen under stafetten ropte Northug til Tysklands ankeremann Axel Teichmann i det tyskaren prøvde seg på eit lite rykk: «Dette er perfekt fart for meg.» Den same Northug la så inn turbogiret og sikra Noreg eit stafettgull. Og igjen leverte Northug dei verbale varene: «Æ ska gå sisteetappen på stafetten til æ blir 40.»

Kan språket ha makt til å psyke ut konkurrentane? Kan ei setning avgjere om du klarer å ta ut det vesle ekstra, eller motsett: at du får ein mental knekk og ikkje når til topps?

Noregs nye superstjerne i langrennssporet har i alle fall vist at det ikkje er ei ulempe å vere topptrana både i kropp og i evne til å formulere seg. Om alt er like planlagt er vel tvilsamt, men effekten er stor sjølv om det er spontant.

Språk er makt. Petter Nordthug si evne til å formulere seg har no fått eit eige ord: *northugsk*. Det er evna til å uttale seg arrogant (men arrogant med grunn).

Ordet «barneskirenn» har glidd inn i det norske språket med spurtfart. Filolog Tone Tryti seier til Dagbladet at særleg ungdom brukar Northug-sitat som låneord for å krydde språket.

Eg kan ikkje hugse sist ein idrettsutøvar skapte ein liknande språkmote.

VM er over. Northug var best, med sine tre gullmedaljar. Til og med Oddvar Brå må no vedgå at barneskiløparen har vorte ein skikkeleg skiløpar. Og Petter Northug er berre 23 år. Vi har mange herlege språkaugeblikk å sjå fram til.

Northug seier det sjølv sagt best sjølv: «Kæm e kongen?»



Foto: © Pixtal / Scampix

# Språkpolitikk er ikkje alltid språkpolitikk

■ RAGNHILD LJOSLAND

Eit høgaktuelt tema i den språkpolitiske debatten i Noreg dei siste åra har vore tilhøvet mellom norsk og engelsk. Mange er uroa for at det norske språket vil tape domene til engelsk, det vil seie at engelsk kjem i bruk på heile samfunnsområde som før har vore norskspråklege.

Eit område som det har vore peika på, er akademia. Etter andre verdskrigen har engelsk gradvis vorte det mest brukte framandspråket i forskning og høgare utdanning her i landet og i verda elles. Særleg i dei siste 20–30 åra har dette vorte merkbar. Til dømes var nær ni av

ti doktoravhandlingar som vart leverte inn ved universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim i 2007, skrivne på engelsk. Det har også etter kvart vorte meir vanleg enn før med undervisning på engelsk, sjølv om norsk utvilsamt er hovudspråket i det meste av undervisninga.

At vitskapsfolk tar del i internasjonale nettverk og brukar framandspråk for å kommunisere med fagfellar, er ikkje noko nytt. I riktig gamle dagar var det latin som hadde denne funksjonen. Men det nye er at universitetssektoren no er open for mange fleire enn før. Store delar av ungdomskulla tar høgare utdanning. Universitetet har vorte ein del av livet til mange fleire nordmenn enn før. Dermed har også spørsmålet om korleis språksituasjonen er, og kvar vi vil med språket i academia, vorte viktigare.

### Språkpolitikk i academia

Det finst nokre språkpolitiske retningslinjer å stø seg til for dei som arbeider ved universitet og høgskular. Fram til 2002 stod det ein paragraf i universitets- og høgskulelova som slo fast at undervisningsspråket til vanleg skulle vere norsk. Men i 2002 vart paragrafen strøken, og i tre år framover levde universitets- og høgskulesektoren i eit språkpolitisk vakuum. Frå 2005 byrja det derimot å skje ting, og ei rekkje instansar kom på banen med språkpolitiske initiativ: Både Universitets- og høg-

er nemleg ikkje berre språkpolitikken som avgjer dette. Dei språkpolitiske retningslinjene frå Universitets- og høgskulerådet, Språkrådet, universiteta sjølve og frå regjeringa i *Mål og mening* handlar eksplisitt om språk. Men det finst også annan slags politikk, målsetjingar og avtalar som har konsekvensar for språkbruken, og som *ikkje* er laga som språkpolitikk. Og det er det vi skal sjå nærare på no.

### På sida av språkpolitikkdebatten

Vi kan byrje med eit eksempel frå Danmark, ettersom det viser problemstillinga svært tydeleg. Danmark var tidlegare ute enn Noreg med å utarbeide nye språkpolitiske retningslinjer for universitetssektoren. Alt i mars 2003 kom det danske Rektorkollegiet med *Sprogpolitik på de danske universiteter*. Så kom Kulturministeriet med utgreiinga *Sprog på spil* i mai og *Sprogpolitisk redegørelse* i desember 2003. I 2004 kom først Rektorkollegiet med *Internationalisering af de danske universiteter*, så kom Undervisningsministeriet og Videnskabsministeriet med *Redegørelse til Folketinget om styrket internationalisering af uddannel-*



«Fram til 2002 stod det ein paragraf i universitets- og høgskulelova som slo fast at undervisningsspråket til vanleg skulle vere norsk.»

skulerådet og Språkrådet kom med framlegg til språkpolitikk for sektoren, og fleire av universiteta byrja å arbeide med å lage egne språkpolitiske retningslinjer for sin institusjon. Krona på verket så langt er stortingsmeldinga *Mål og mening*, som kom i 2008.

Vil det seie at spørsmålet om kvar vi går, og kvar vi vil hen med språket i academia, no er avklart? Langt ifrå. Det

serne. I 2006 kom den danske regjeringa med *Fremgang, fornyelse og tryghed. Strategi for Danmark i den globale økonomi*. I dei tre dokumenta frå 2003 kan ein sjå ei bekymring for at aukande bruk av engelsk skal få negative konsekvensar for Danmark og for det danske språket. I dei tre dokumenta frå 2004–2006, derimot, er det ei meir ein-sidig positiv haldning til internasjon-



nalisering. Bruk av engelsk vert her sett på som eit godt middel for å oppnå internasjonaliseringsmål. Skilnaden ligg i mandata til dei ulike dokumenta. Mens dei tre første dokumenta er skrivne som språkpolitiske dokument, handlar dei tre siste ikkje om språk, men om internasjonalisering, konkurranse og globalisering. Dei tre første har språkvitarar med i forfattargruppa, mens dei tre siste ikkje har det. Dette syner at det ikkje berre er reint språkpolitiske doku-



● «Høgare utdanning er blitt lik ei vare, studentane er kundar, og universiteta er bedrifter som kjempar om kundane.»

ment som er relevante for den språklege situasjonen. Det syner også at det ikkje berre er språkvitarar som avgjer språkpolitikken. Kanskje vert det teke vel så viktige avgjerder i fora der språkvitarar ikkje er med, og der hovudvekta ikkje ligg på det språklege i det heile.

Slik er det også i Noreg. Sjølv om vi etter kvart har fått ein sunn debatt og gode språkpolitiske initiativ både på nasjonalt plan og ved universiteta, skjer mykje også utanfor desse foraa. Dei viktigaste stikkorda i denne samanhengen, *internasjonalisering* og *konkurranse*, treng ein ikkje leite lenge etter for å støyte på.

### Nye ideal

I dei siste tiåra har det vakse fram nye ideal for universitetssektoren. Mens ein på 1800-talet ville bruke universiteta som ein reiskap for nasjonsbygging – ikkje berre i Noreg, men også i andre land – har dette mot slutten av 1900-talet og inn på 2000-talet langt på veg vorte erstatta av idealet om fri konkurranse. Universiteta kjempar mot kvarandre for å komme på toppen av inter-

nasjonale rangeringslister. Øvst ruvar dei vidkjende engelske og amerikanske universiteta, og norske universitet har så langt aldri vore å finne heilt på toppen. Men det tyder ikkje at ein ikkje kan sikte dit. Til dømes er NTNU ikkje snauare enn at dei har sett seg som mål å komme inn på rangeringslistene som eitt av dei ti beste teknisk-naturvitenskaplege universiteta i Europa. Og universitetet sin strategi fram mot 2020 har like godt fått namnet «NTNU 2020: In-

ternasjonalt fremragende».

Konkurransen gjeld både forskning og undervisning. Høgare utdanning er blitt lik ei vare, studentane er kundar, og universiteta er bedrifter som kjempar om kundane. Dette er utdanningsmarknaden. Som på andre marknader skal det vere mest muleg fri flyt på utdanningsmarknaden òg. I GATS-avtalen – ein avtale gjennom Verdsbanken om handel med tenester, som Noreg er med i – er høgare utdanning definert som ei handelsvare. Noreg er dessutan også med i Bologna-avtalen. Det er ein avtale mellom ei rekkje europeiske land, som skal gjere det lettare for studentar å reise til dei andre avtalelanda for å ta utdanning. Som ledd i Bologna-avtalen fekk vi i Noreg ein ny gradsstruktur, der lågare grad fekk namnet «bachelor», mens høgare grad vart heitande «master». Ideen bak Bologna-avtalen er at avtalelanda skal utgjere eitt einskapleg område for høgare utdanning, der studentane kan reise fritt og «shoppe» litt utdanning her og litt der. Dei skal kunne velje og vrake og setje saman dei beste delane til den utdanninga som



passar dei best. Og det er då universiteta må vere på banen for å kapre «kundane», det vil seie dei flinkaste, helst, av dei mobile studentane.

### Den språklege kvardagen

